



**BORE KYRKJE**  
SETT - FAMNA - UTFORDRA

## **Protokoll frå møte i Bore sokneråd Tysdag 11. desember 2018**

Møtestad: Bore kyrkjekontor

Frå saksnummer:49/18

Til saksnummer: 59/18

### **Av soknerådet sine medlemmar/ varamedlemmar møtte:**

Nicolai Homme (leiar)  
Arvid Kaspersen, (nestleiar)  
Kjersti M. Berge  
Jens Kåre Stokka  
Hans Voll  
Arvid Kaspersen  
Dagfinn Steinnes (varamedlem)  
Borghild Friestad (varamedlem)  
Ivan Fjeld, sokneprest

### **Andre:**

Kari Haavardsholm, sekretær og Elin Anita Garpestad, dagleg leiar

### **Meldt forfall:**

Marit Høie, Arne Tveranger og Dan-Egil Skrikrud møtte ikkje, etter avtale, på sak 50/18.  
Saka blir utsett.

**Me stadfestar med underskriftene våre at det som er ført i protokollen er i samsvar med det som vart vedteke på møte.**

**Me starta soknerådsmøtet med å nytte god tid til  
mat, opning og bøn.**

Innkalling til møte i Bore sokneråd 11.desember vart utvida med ei ny sak 50/18 og vart godkjend.

Protokoll frå møte i Bore Sokneråd 7. november vart godkjend.

**SAK 49/18****Samtale om arbeidet****Drøfting**

Soknerådet hadde invitert dei andre bedehusa/forsamlingane i Bore til eit møte for å planlegge eit felles lovsongs og bønnemøte (eit slike felles møte for alle vart foreslått på det møtet som soknerådet hadde invitert til den 19 september der styra frå alle forsamlingane deltok). Møtet var halde 4. desember og Ivan deltok frå soknet. Ivan refererte frå dette møtet. Det var semje, på møtet den 4. desember, om at alle bedehusa/forsamlingane i fyrste omgang informerer og oppfordrar til å ta del på lovsongskveldane som vert arrangert i Bore kyrkje ca ein gong i månaden. Første lovsongskveld er 27. januar. Soknerådet var godt tilfreds med dette.

Soknerådet synes det er viktig at flest mogleg frivillige tek del i planleggjing og gjennomføring av familiegudstenestene. Men i vårsemesteret er komiteen for liten og staben har kome med eit godt forslag når det gjeld gjennomføring av desse gudstenestene i vårsemesteret 2019.

**Forslag til vedtak**

Soknerådet drøftar og gjer vedtak i møtet.

**Vedtak**

Mellombels løysing for fam.gudstenestekomiteen blir at stab tek ansvar og trekk inn frivillige til forskjellige oppgåver inntil ein ny frivillig komité føreligg, forhåpentlegvis til sommaren. Soknerådet tek opp saka att til hausten.

Jærgårds blir arrangert 10. august 2019. Bore sokneråd, ved leiar, deltek på planleggjingsmøte i januar.

Francois Botes vil bli invitert ved eit seinare høve, det blir for tidleg denne våren.

**SAK 50/18****Lyd og bilete i Bore****Drøfting**

**Forslag til vedtak** Soknerådet drøftar og gjer vedtak i møtet.

**Vedtak** Saka vert utsett.

**SAK 51/18****Utpeiking ny biskop****Drøfting**

**Forslag til vedtak** Soknerådet vel desse 3 kandidatane i prioritert rekkefølge XXX

**Vedtak** Soknerådet vel desse 3 kandidatane i prioritert rekkefølge:

1. Helge Gaard (5 mot 1 stemmer)
2. Håkon Kessel (4 mot 2 stemmer)
3. Blankt (4 mot 2 stemmer)

**SAK 52/18****Høyring ny kyrkjeordning****Drøfting**

**Forslag til vedtak** Soknerådet vedtek høyringsuttalen og sender til Kyrkjerådet. Dagleg leiar følgjer opp dette.

**Vedtak** Soknet sender ikkje høyringsuttale.

**SAK 53/18****Budsjett 2019****Drøfting**

Soknerådet meiner at budsjettet som føreligg er bra, men treng ei revidering på nyåret når rekneskapen for 2018 føreligg.

**Forslag til vedtak**

**Vedtak** Førebels budsjett for 2019 vert vedteke.

**SAK 54/18****Møtedatoar våren 2019****Drøfting****Forslag til vedtak**

Soknerådsdatoar for våren 2019 blir: 29. januar (prosten blir med), 26. februar, 2. april, 14. mai og 11. juni

**Vedtak**

Soknerådsdatoar for våren 2019 blir: 29. januar (prosten blir med), 26. februar, 2. april, 14. mai og 11. juni.

Strategisamlinga for sokneråd og stab blir på kyrkjekontoret 5. januar, kl. 09:00 til 13:00. Kjersti og Elin Anita ordnar mat. Tema blir samtale omkring plassutfordringane og korleis me legg problemstillinga fram for menigheten 20. januar etter G-2 gudstenesta. Ellers vil me snakka om folkekyrkja: -kva vil det seja for folk flest, korleis når me bygda, korleis opplever folk å koma inn i vår kyrkje? Ivan seier litt om det bibelens syn på kva ein menighet er og skal vera, som ei innleiing til samtale.

**SAK 55/18****Årsmøte 2019****Drøfting****Forslag til vedtak**

Årsmøte i Bore sokn vert 17. mars 2019.

**Vedtak**

Årsmøte i Bore sokn vert 17. mars 2019.

**SAK 56/18****Møte etter G-2 gudstenesta 20. januar****Drøfting****Forslag til vedtak**

Soknerådet drøftar og gjer vedtak i møtet.

**Vedtak**

Soknerådet legg plan for møtet på strategisamlinga 5. januar.

**SAK 57/18****Personvernerklæring****Drøfting****Forslag til vedtak**

Bore sokn vedtek personvernerklæring.

**Vedtak**

Bore sokn vedtek personvernerklæring.

**SAK 58/18****ORIENTERINGSSAKER****Drøfting**

Orienteringssakene blei lagt fram.

**Forslag til vedtak****Vedtak**

Soknerådet tar saka til orientering

**SAK 59/ 18****Stilling dagleg leiar i Bore****Saksframstilling**

Viser til vedlagde saksutgreiing og vedtak i Klepp kyrkjelege fellesråd 4. desember 2018.

**Vedlegg**

Saksutgreiing og vedtak i Klepp kyrkjelege fellesråd

**Forslag til vedtak**

Bore sokn vedtek å oppretthalda gjevartenesta på 40% til dagleg leiar. Vidare er soknerådet glad for fellesrådet si auke med 20%, i tillegg til dei 15 % som er pr. i dag, slik at stillinga totalt blir 75%.

**EVENTUELTT**

- Me vil synga ei salme «månadens salme» på kvar soknerådsmøte. Blir teke som ein naturleg del av opninga på kvart møte.
- Diakoniutvalet er usikker på korleis utvalet skal handtera Thomasmessan. Utvalet ønskjer at diakoniutvalet tek ansvar som før og at Thomasmessan blir ei rein diakonihøgmesse 4. februar. Soknerådet gir sin tilslutning til dette.,